

# Elektronisk palliativ plan – innføring og bruk i Acos CosDoc

## Innhold

1	Tilretteleggje for bruk av palliativ plan (CosDoc systemansvarleg) .....	2
1.1	Redigering av funksjonsområde .....	2
1.2	Tilpasse tiltaks-/pleieplan for å generere eit utskriftsvennleg dokument .....	2
1.3	Lage tekstmal som kan nyttast ved utskrift av palliativ plan .....	3
2	Bruk av elektronisk palliativ plan i journal (Tilsette) .....	5
2.1	Korleis leggje inn ei palliativ plan i journal .....	5
2.2	Korleis sende ei palliativ plan via e-melding til lege/helseføretak .....	5
2.3	Korleis endre/oppdatere allerede godkjent palliativ plan i CosDoc .....	5
2.4	Korleis skrive ut Palliativ plan frå CosDoc .....	6

# 1 Tilretteleggje for bruk av palliativ plan (CosDoc systemansvarleg)


CosDoc systemansvarleg er ansvarleg for å kunne tilretteleggje i CosDoc for bruk av palliativ plan.

Frå tidlegare har det vore vurdert om reg.type 24: Sjukepleiarsamafatning kan nyttast til dette føremålet, då den knytar seg automatisk med i e-meldinga *Innleggingsrapport*. Dette vart avslått, då det er berre mogleg å knyte ei sjukepleiarsamanfatning med om gongen, og i framtida kan det hende at vi må leggje inn fleire planer, t.d. kriseplan psykisk helse. Då var det meir naturleg å leggje inn den palliative plana i tiltaks-/pleieplana. For den følgjer òg automatisk *Innleggingsrapport* og *Helseopplysning til lege*.

## 1.1 Redigering av funksjonsområde

Gå til Innstillingar – Administrasjon – Journal – Funksjonsområde

1. Fyll inn SJ under journaltype for å korte inn søket, trykk på **Søk**
2. No får du opp oppsettet til tiltaks-/pleieplan. Legg merke til det siste nummeret i rekka
3. Trykk **Ny**
  - Journaltype: SJ
  - Område: skriv eit nummer som er eit godt stykke unna det siste nummeret i rekka.
  - Beskriving: Lindrande behandling/Palliativ plan (Vi nyttar det same området til å registrere palliativ pleie)
  - Standardtekst: Her skreiv eg inn det som sto i mal på palliativ plan. Bruk både store og små bokstavar, teikn og avsnitt for å få ei luftig og lesevennleg tekst (med tanke på utskrift og e-meldingar). Sjå eksempel på screenshot under:



The screenshot shows a form with the following content:

PALLIATIV PLAN FOR:

KONTAKTINFORMASJON

Fastlege

- Namn:

- Telefonnummer:

Sjukepleiar

- Namn:

- Telefonnummer:

Born under 18 år:

PASIENTFØRINGAR

Kva er viktig for deg no?

Aktuelle diagnoser:

- Trykk **Lagre**
- Trykk **Tilbake**
- No er Palliativ plan klar for bruk i sjukepleiejournalen. Bruk same framgangsmåte ved andre journalar, berre byt ut SJ med aktuell journal

## 1.2 Tilpasse tiltaks-/pleieplan for å generere eit utskriftsvennleg dokument

Gå til Innstillingar – Administrasjon – Journal - Registreringstypar – Problem/Ressurs/Behov


- Genererer dokumenttyper: Sjå raud pil på screenshot. Hak av for at den genererer eit internt dokument utan oppfølging (X-dokument), trykk **OK**

- Trykk **Lagre** når ferdig

### 1.3 Lage tekstmal som kan nyttast ved utskrift av palliativ plan

Gå til Innstillingar – Administrasjon – System – Tekstmaler

1. Skriv **X** under dokumenttype, og trykk på **Søk**
2. Dobbeltklikk på **Internt notat utan oppfølging**
3. Opne tekstmalen med å trykkje på det store arket i malkortet
  - Fjern all tekst, sjå over og ev. endre topp- og botntekst om naudsynt.
  - Skriv overskrift «Palliativ plan»
  - Legg inn bokmerket *og\_tbljour* under overskrifta
  - To linjer under dette bokmerket; Skriv «Registrert av:» etterfulgt av bokmerka *sbr\_navn*, *sbr\_tittel*
  - Då ser tekstmalen slik ut:



- Trykk **Fil** og vel **Lagre som**. **Her er det viktig å velje Lagre som, for å ikke overskrive den gamle malen**
  - Skriv filnamn X\_PalliativPlan, så **Lagre**.
  - Lukk dokumentet
4. No har du laga sjølve malen, då gjenstår malkortet
  5. Inne i tekstmalbiletet, trykk **Ny**
  6. Sett opp malkortet som på biletet under, obs at du fyller inn regtype 1 for å knyte malen til PRB.

Tekstmal ID: 483

Dokumenttype: X Reg. type: 1

Beskrivelse: Palliativ plan

Filnavn: X\_PalliativPlan.dot

Filtype: doc

Program: Word97

Avdeling: [dropdown]

Bruker: [dropdown]

Utvalg: [dropdown]

Type Tekstmal: 0 Vanlig tekstmal

Hoveddokument i Word:

Tilknytt E-meldingmal: [dropdown]

7. Trykk **Lagre**
8. No er malen klar til bruk i journalen

## 2 Bruk av elektronisk palliativ plan i journal (Tilsette)

### 2.1 Korleis leggje inn ei palliativ plan i journal

1. Gå inn i sjukepleiejournal til pasienten (eller anna aktuell journal som er tilrettelagt for palliativ plan)
2. Gå til fane 3: Tiltaks-/Pleieplan
3. Trykk **Ny PRB**
4. Vel funksjonsområde «Lindrane behandling/Palliativ plan»
5. Det kjem opp ei automatisk skjematekst i notatfeltet:
  - Skriv «Palliativ plan nr.XX» som overskrift, endre nummer til gjeldande versjon. Er det fyrste versjon? Skriv «Palliativ plan nr. 1»
  - Fyll ut tekst under kvart punkt,
6. Trykk **Lagre**
7. Godkjenn registreringa, elles kan den ikkje sendas i e-melding
8. Plana skal no sendas til fastlege for godkjenning! Sjå punkt 2.2 Korleis sende palliativ plan via e-melding til lege/helseføretak.
9. **Legg inn merknad på pasienten sitt hovudkort at han/ho har palliativ plan registrert i gjeldande journal**

### 2.2 Korleis sende ei palliativ plan via e-melding til lege/helseføretak

E-meldingane *Innleggingsrapport* og *Helseopplysning til lege* knytar med seg tiltaks-/pleieplan automatisk, ergo den palliative plana vil følgje med uansett (så lengje den er godkjent i CosDoc)

Ynskjer du at berre den palliative plana skal følgje e-meldinga når du skal sende til t.d. fastlegen?

- Lag e-meldinga *Helseopplysning til lege*
- Fjern alle haker på element som følgjer e-meldinga, sett hake på Palliativ plan og trykk **Send**

Når lege sender svar på e-melding med godkjent palliativ plan:

- Er det ingen endringar så treng vi ikkje gjere noko med registreringa
- Kjem legen med endringar:
  - Kopier endringane frå e-meldinga
  - Gå i tiltaks-/pleieplan, endre palliativ plan jf. e-melding.
  - Ferdig godkjent plan skal alltid sendas tilbake til fastlegen.

For endring av ei palliativ plan, sjå neste punkt 2.3 Korleis endre/oppdatere allereie godkjent palliativ plan i CosDoc

### 2.3 Korleis endre/oppdatere allereie godkjent palliativ plan i CosDoc

1. Trykk på den palliative plana i fane 3: Tiltaks-/pleieplan.
2. Trykk **Endre**
3. Du får opp spørsmål om du ynskjer å seponere og kopiere opplysningane? Trykk **OK**.
4. No kan du endre informasjonen som er lagt inn. **Hugs å endre overskrifta slik at talet på den palliative plana stemmer med den siste versjonen.** T.d. har

du oppdatert palliativ plan nr.4, så hugs å oppdatere overskrifta til Palliativ plan nr.5 før du lagrar.

5. Har du fått ei oppdatert plan frå legen? Opne e-meldinga, kopier teksta, lim denne teksta inn i den palliative plana.
6. Trykk **Lagre**
7. Godkjenn registreringa, elles kan den ikkje sendas i e-melding
8. **Send alltid oppdatert palliativ plan på e-melding til fastlege**
9. Skriv ut plana, utskrift jf. pkt. 2.4 Korleis skrive ut palliativ plan frå CosDoc.

#### **2.4 Korleis skrive ut Palliativ plan frå CosDoc**

1. Trykk på den palliative plana du ynskjer å skrive ut i fane 3: Tiltaks-/Pleieplan.
2. Trykk på det kvite arket nedst i registreringa
3. Vel Mal for palliativ plan, trykk **OK**
4. Det kjem opp eit nytt bilete der ditt eige namn er oppført, trykk **OK** (det betyr at du får tilsendt dette dokumentet i din eigen innboks i CosDoc, men det gjer ingenting).
  - Dokumentet opnar seg, trykk **Fil** og **Skriv ut**
  - Lukk dokumentet når du har fått skrive ut dokumentet
5. Ta med den oppdaterte palliative plana ut i pasienten sin heim (obs at pasienten synest det er greitt), ta med ev. gamal plan tilbake til kontoret og makuler den. Gamle planer er tilgjengeleg elektronisk i tiltaks-/pleieplan, så lengje du markerer at du vil vise seponerte registreringar i fane 3: Tiltaks-/Pleieplan.
6. Har du behov for å skrive ut fleire planer i etterkant? Når du trykkjer på den palliative plana så ligg dokumentet under den same knappen der det kvite arket var, denne har endra seg til ei gul mappe fordi det ligg eit dokument der. Skriv ut på vanleg måte.